

Pangstart skyting 2018

20. oktoberer inviterar vi til årets Pangstart i skyting. Pangstart er eit samarbeid mellom dei tre skytterlaga Gula, Oppedal/Brekke og Nyborg (tilbodet er opent for alle skyttarane i Sogn Ytre). Skyttarane får delta på ein skyteskule med fokus på skyting, miljø og det sosiale.

Pangstarten følgast opp med treningstemner. Det fyrste stemnet skyt vi denne dagen, så blir det vidare eit stemne hos dei andre to skyttarlaga utover hausten. Også under desse stemna er miljø og det sosiale i fokus saman med skytinga.

Pangstarten er for deg som går frå 4. klasse til og med 22 år.

Vi møtast på Dalsøyra Samfunnshus laurdag 20. oktober kl 11:00. Me skal ha det sosialt og bli kjent med skyttarane i nabolaga, samt lære mykje om skyting før me avsluttar med leik på kvelden.

SKYTING - SOSIALT – TEAMWORK – SKYTEKARUSELL – GLADE UNGAR – KUNNSKAP – SIKKERHEIT



Instruktører; Arnhild Eiken og Benedikte Oppedal. Begge har tilegna seg mykje kunnskap innan skyting og er flinke til å dele denne med andre. Dette pluss at dei er gode til å sjå dei yngste er eigenskapar som passar perfekt inn i Pangstarten.

Pangstarten er for absolutt ALLE uansett nivå. Øktene blir tilpassa om du er nybegynnar eller ikkje.

Samtidig med Pangstarten vil Ungdomsutvalet i Sogn Ytre skyttarsamlag halde eit «foreldrekurs» der foreldra også kan få ei lita innføring i skytesporten. Kva driv me med? Foreldrevettreglar, sikkerheitsreglar mm. Målet er å auke kunnskapen blant foreldre som er nye i skytesporten og bidra til at terskelen for å hjelpe borna vert mindre.

Meld deg på innan 10. oktober til;

Pangstart: Vivian Våge: tlf 926 22 607, Arild Wergeland: tlf 977 27 623, Jørgen Virkesdal 976 33 174
Foreldrekurs: Rune Virkesdal tlf 918 59 977